



Vi har tidlegare skrive om at Uskedal idrettslag har fått tilbud om ein svært innbringande dugnad hos Norsafe Årsnes. Laget vil få svært godt betalt for jobben slik at det vil bety mykje for drifta, men dei er avhengig av at fleire melder seg for at dei skal gjennomføra jobben. Første dugnadsdag er i dag med start kl. 18.

Seinare vert det dugnad to dagar:

23. mars ettermiddag kl 18.00 – lossa og lasta 2 båtar med 10 tonn (her bør vi være minst 24 personar)

24. mars ettermiddag kl 18.00 lossa 2 og laste 1 båt med 10 tonn (her bør vi være minst 18 personar)

Under arbeidet skal det lastast og lossast sandsekker i livbåtar som skal brukast til prøvestup. Det er heilt nødvendig at det vert godt med folk som melder seg, elles må dei la dugnaden gå til andre. Det vil vera synd, for det vil gje ein svært god pengesum til lagskassen. Den kan koma godt med til innkjøp av fotballmål, rulleski og aktivitetane elles. Også litt store barn kan vera med. Sandsekkene skal festast til seta, og det vil vera ein fin jobb for dei.

Dette bør vera midt i blinken for dunadsbygda Uskedalen. Vår oppfordring er still opp, **meld dåke på til Arvid Hjelmeland, mobil 926 40 545**, og sei frå når det passsar. Idrettslaget bør ikkje gå glipp av desse pengane. Dei bør skape aktivitet i bygda vår. Dette er ein god anledning for foreldre og alle andre til å bidra.

Dugnad er også kjekt sosialt, og dessutan er det med og styrkjer fellsekjensla. Dessutan er det ekstra kjekt når ulike aldersgrupper kan samarbeida!



[Her skal prøvestupa føregå.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland